

# Infoskriv om barnehageopning kommunale barnehagar

## **Generelt om oppstart av barnehagane i Skjåk**

Regjeringa har bestemt at barnehagane skal starte opp att mellom 20. – 27. april.

Det viktigaste for både barn, foreldre og tilsette er at barna får eit godt og trygt tilbod, der dei møter trygge og kjende vaksne. Det betyr at vi må ha tid til å organisere barnehagen på ein måte som sikrar gode smitteverntiltak utan at det går ut over barnas trivsel og tryggleik.

Barnehagane i Skjåk er ulike både når det gjeld bygningsmasse, uteområde, barnegrupper og personalressurs. Altså vil det krevjast eigne tiltak for kvar barnehage. Det vil òg kunne ta ulik tid å få tiltaka på plass. På grunn av dette er det ikkje sikkert at alle barna kan starte opp att same dag, det er heller ikkje sikkert at alle barnehagane opnar likt. Men alt skal vera på plass i løpet av neste veke.

## **Litt om organisering i barnehagen**

### *Føringar for smittevern: Kontaktreducerande tiltak*

Alle barnehagane vil, så lang råd, leggje opp til at barna er i faste smågrupper med faste vaksne. For å kunne ha faste vaksne knytte til kvar gruppe kan det bli naudsynt å redusere opningstida noko.

Det kan bli slik at enkelte av gruppene, med sine vaksne, har base utanfor sjølve barnehagen. Da vil dei vaksne ta i mot barna der.

Det kan og bli aktuelt å ta imot enkeltgrupper ute i barnehagen om morgonen.

## **Rutinar for hygiene**

### *Føringar for smittevern: Hygienetiltak*

Alle barnehagane har berøringsfrie dispenserar for såpe og antiback. Handhygiene blir omtala som eit av dei viktigaste smitteverntiltaka. Føresette og barn skal derfor bruke dispenserar med antiback ved inngangen på barnehagen, både når dei kjem og når dei går.

Barna får hjelp til god handhygiene før måltid og etter toalettbesøk.

Tilsette har rutinar for desinfisering av berøringsflater i løpet av dagen, og reinhaldarane har eigne instruksar for godt reinhald.

## **Barn som er sjuke**

### *Føringar for smittevern: Tidleg isolering av sjuke*

Retningslinjene for sjukdom er svært strenge. *Ingen* skal i barnehagen dersom dei er sjuke. Det gjeld både barn, foreldre og tilsette. Terskel for ikkje å gå i barnehage og på jobb skal vera låg. Barn som blir sjuke i barnehagen og viser sjølv lette symptom på luftvegsinfeksjon vil bli sendt heim.

## **Barn eller vaksne i risikograppa**

Enkelte barn og vaksne er i risikograppa for å bli alvorleg sjuke. Dersom barnet eller ein annan i husstanden er i denne grappa, skal føresette i samråd med fastlege vurdere om barnet skal i barnehagen.

## **Levering og henting i barnehagen**

Som kontaktreducerande tiltak er det viktig at så få som mogleg er innom barnehagen. Vi oppmodar til at føresette sjølve kjem med barnet og hentar det att, så lang det er mogleg. Sysken bør vente utanfor barnehagen.

Vi oppmodar foreldre om at barna tek på reine klede frå heime kvar morgon. Likeeins oppmodar vi om å byte til "heimeklede" når dei kjem heim frå barnehagen.

Styrrarane.

(Meir info kjem etter kvart.)

*NB! Kommunen vil rette seg etter dei føringar som blir gjevne frå sentrale styresmakter når det gjeld drift av barnehagane.*

*Det er verd å merke seg at barnehagen kan risikere å bli stengt på kort varsel dersom det er mistanke om smitte i grappa. I kvart enkelt tilfelle vert det eventuelt teke ei vurdering på om heile barnehagen skal stengjast, eller om det held at ei avdeling vert stengd.*